



DET KONGELEGE  
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets kommunal- og forvaltningskomite  
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

22/6628-2

31. oktober 2022

**Dokument 8:2 S (2022-2023) Representantforslag om å justere grensa mellom Sandnes og Strand kommunar, slik at Forsand-delen av Sandnes kommune blir ein del av Strand kommune**

Eg viser til representantforslag 2 S (2022–2023) om å justere grensa mellom Sandnes og Strand kommunar, slik at Forsand-delen av Sandnes kommune blir ein del av Strand kommune.

Kommunal- og distriktsdepartementet vedtok 22. juni 2022 å ikkje gjennomføre ei grensejustering frå Sandnes kommune til Strand kommune av den delen av gamle Forsand kommune som frå 1. januar 2020 har høyrte til Sandnes kommune. Kvar grensejusterings sak har sin eigenart, som gjer at ein må vurdere den einskilde sak konkret.

Som ledd i statsforvaltaren sitt arbeid med utgreiing av saka, gjennomførte Opinion på vegne av statsforvaltaren ei innbyggjarhøyring per telefon for dei som ei eventuell grensejustering vil gjelde for. Totalt svarte 603 personar av 663 tilgjengelege telefonnummer på undersøkinga.

Statsforvaltaren i Rogaland tilrådde at grensejusteringa burde gjennomførast. Statsforvaltaren la størst vekt på at geografiske og regionale omstende tilseier at ei grensejustering er den beste og mest framtidretta løysinga, og at eit fleirtal i innbyggjarhøyringa (54%) ynskte det.

Statsforvaltaren i Rogaland oppsummerte i si utgreiing synspunkta frå innbyggjarane og bedrifter mv. slik:

«Det har vore stort engasjement rundt saka og Statsforvaltaren har motteke mange innspel. Frå private partar er det synspunkt i begge retningar. På den eine sida er det fleire innbyggjarar som viser til at Forsand ved å gå inn i Sandnes har fått eit løft i kompetanseutvikling og tenestetilbod og at Sandnes raskt følgjer opp når det trengst i Forsand. Som kjent for departementet har ei gruppe innbyggjarar i Lysebotn meldt at dei ønsker å endre grense slik at dei vil høyre til Sirdal, dersom denne saka endar med grensejustering slik det er søkt om. I brev av 28.10.21 signert fleire tidlegare representantar i Forsand kommunestyre, nokre av dei no engasjerte i Sandnes kommunestyre, gir dei uttrykk for at det er ein omkamp og i realiteten eit forsøk på reversering av samanslåinga av Forsand og Sandnes. Vi har motteke innspel frå bedrifter som er uroa for framtidig drift, ettersom dei treng langsiktige avklaringar med kommunen og er avhengig av dialog med kommunen om planprosess mv. På den andre sida har vi motteke synspunkt og frå dei som syns diverse tilbod har vorte dårlegare etter at Forsand blei ein del av Nye Sandnes, og som meiner at geografisk nærleik til Strand gir betre butilhøve på sentrale område. Og at ein ved å høyre til Strand vil ha større høve til påverknad på eigen kvardag, samt eit betre grunnlag for framtidig styring av ryfylkeregionen.»

Saka har vore handsama i Stortinget fleire gonger. Første gong då Stortinget med 141 mot 28 stemmer vedtok samanslåinga av Forsand og Sandnes kommunar 8. juni 2017. Den 7. desember same år handsama Stortinget fleire forslag om å reversere samanslåingar vedteke av Stortinget. I samband med det blei det fremma eit forslag om at Stortinget skulle vurdere vedtaket om samanslåing mellom Forsand og Sandnes på nytt. Dette forslaget fekk 24 stemmer, medan 74 stemte imot.

I 2018 vedtok Kommunal- og moderniseringsdepartementet ei grensejustering kor delar av dåverande Forsand kommune vart høyrande til Strand kommune (Kolabygda).

I vedtaket 22. juni 2022 viser departementet til at det over kort tid har vore fleire grenseendringar i dette området. Ei grensejustering ville ikkje innebere å føre grensene tilbake til ein tidlegare situasjon, men ville nok ein gong innebere nye grenser som ikkje tidlegare har eksistert.

Med helsing



Sigbjørn Gjelsvik